

Gulatinget



Møtestad for lov og rett

Tusenårsstaden Gulatinget **ÅRSMELDING 2019**



Årsmelding

Gulatinget er eit av dei største og eldste regionale tinga i Noreg frå vikingtid og mellomalder (900-1300). Dei regionale landskapstinga Gulatinget, Frostatinget, Eidsivatinget og Borgartinget var politiske organ, lovgjevande forsamling og ankedomstolar. Dei starta som Allting, og utvikla seg etter utviding av lovområda til representasjonsting.

Landskapstinga i vikingtid og mellomalder gav opphav til våre første lover. Gulatingets-lova (nedskrive ca. 1000) er den eldste kjende og bevarte lovsamlinga i Norden. Den er oppbevart i Handskriftsavdelinga i Det Kongelige Biblioteket i København.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune har i ca. 20 år saman forvalta denne nasjonalt og internasjonalt viktige historiske arven, som vertskapsområde for Gulatinget.

Gulatinget vart i samband med tusenårsmarkeringa valt til Sogn og Fjordane fylke og Gulen kommune sin tusenårsstad. Formålet med arbeidet er å formidle kunnskap om tidleg folkestyre og rettsutvikling i Noreg, samt framveksten av vårt først organiserte, sjøbaserte forsvar – Leidangsvesenet.


Minneparken på Flolid, som er utsmykka med monumentale kunstverk av Bård Breivik, vart opna 27. august 2005. Parken har i 2019 vore ope for publikum i 14 år.

Styring

Utviklingsarbeidet knytt til Gulatinget har sidan starten vore eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune. Arbeidet har vore organisert gjennom ei styringsgruppe beståande av representantar frå politisk og administrativt nivå i dei to forvaltningsorgana. Styringsgruppa har dei siste åra bestått av:

- **Hallvard Oppedal**, Ordførar, Gulen – Leiar av styringsgruppa
- **Karen Marie Hjelmeseter**, Leiar Hovudutval for næring og kultur, Fylkestinget SFJ
- **Ingebjørg Erikstad**, Ass. Dir. Næring og kulturavdelinga, SFJ fylkeskommune
- **Reidun Halland**, Rådmann, Gulen
- **Anne Hopland (sekretær)** Dagleg leiar, Tusenårsstaden Gulatinget

Styringsgruppa har i 2019 hatt tre ordinære styringsgruppemøter, i tillegg til statusmøter mellom dagleg leiar og leiar for styringsgruppa. Rådmann og dagleg leiar har i tillegg hatt eit tett samarbeid med fylkeskommunen si bygg – og eigedomsavdeling i samband med førebuinga av søknad om statsmidlar til Gulatinget Nasjonale Kultursenter.



Leing

Utviklingsarbeidet knytt til Gulatinget vert leia av dagleg leiar Anne Hopland. Prosjektleiar for arbeidet med Gulatinget Nasjonale Kultursenter har vore bygge- og eigedomssjef i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Jan Tore Rosenlund.

Overordna rammeverktøy

Forvaltning og utvikling av Gulatinget er forankra i vedteken 10-årig samarbeidsavtale mellom SFJ fylkeskommune (FT-sak 57/15) og Gulen kommune (KS-sak 120/15), gjeldande frå 1. januar 2016.

Det vart i 2016 utvikla ny Strategiplan for Tusenårsstaden Gulatinget 2016-2020 (HUK 13/15). Strategiplanen har fire innsatsområde som ligg til grunn for arbeidet:

- **Fagleg utvikling og kunnskapsproduksjon**
- **Formidling**
- **Verdiskaping og lokal næringsutvikling**
- **Nettverksarbeid**

Styringsgruppa vedtek årsplan for arbeidet. Tiltaka i årsplanen skal bidra til at ein når måla innanfor kvart innsatsområde (sjå «Oversikt aktivitetar i 2019»).

Økonomi

Hovudprosjektet hadde i 2019 eit driftsbudsjett på kr 2 108 143,- fordelt som tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på kr 1 125 000,- og tilskot frå Gulen kommune på kr 483 143,-, samt kr 500 000,- frå staten.*

**I samband med regjeringsforhandlingane i 2018 fekk KrF forhandla inn kr 500 000,- over statsbudsjettet for 2019, øymerkt ei formidlingsstilling. Ein formidlingsansvarleg tok etter tre utlysingsrundar til i stillinga i november 2019.*



Innleiing

Gjennom 2018 og i starten av 2019 har arbeidet med Gulatinget Nasjonale Kultursenter (GNK) vore prioritert. Etter at den lokale finansieringa var sikra vart det 1. mars 2019 sendt søknad til Kulturdepartementet om statleg støtte til senteret (kap. 322, post 70 Nasjonale Kulturbygg). Senteret har lege inne i Statsbudsjettet med merknad sidan 2011.

Gulatinget er ein attraksjon og eit besøksmål for skuleborn og barnehagar, turistgrupper, pensjonistgrupper og historieinteresserte vaksne. Ei realisering av senteret vil vere avgjerande for å kunne ta imot publikum heile året, og for å kunne formidle ei kompleks og omfattande historie til ulike grupper vitjande i si fulle breidde. Publikum kjem frå inn- og utland, noko som gjer til at formidlinga må leggast til rette på ulike språk. Formidlinga i senteret vil tillate ein langt større fleksibilitet i tilrettelegginga for eit internasjonalt publikum.

Då statsbudsjettet for 2020 vart lagt fram hadde regjeringa ikkje funne midlar til bygget, og prosessen må difor halde fram.

Gulatinget har i 2019 hatt 14 000 besøkande og vore vertskap for fleire større arrangement. Gulatinget opplever aukande interesse blant turoperatørar som bringer inn besøkande frå inn- og utland.

Gulatinget danna i 2019 på ny ramma for opninga av Kystkultur No! (tidlegare Kystsogevekene), med oppføring av eit utdrag av Håkonarspelet. Dette var andre gangen at Gulen tok ei vertskapsrolle for arrangementet, med framføring av eit utdrag av Johannes Heggland sitt storverk om Håkon den Gode.

Gulatinget Vikingmarknad har blitt ei populær årleg hending med 2000-3000 besøkande. Arrangementet kjem i stand i samarbeid med vikinglaget Frendar Vikinglag, som har sete i Kvernsteinsparken i Hyllestad. Arrangementet er spesielt retta mot barnefamiljar.



Det årlege Gulatingseminaret gjekk i år av stabelen 27. september. Dette er eit årleg fagseminar i samarbeid med universitets- og høgskulemiljø i inn- og utland.

Sidan det dei siste åra har vore mykje lokal debatt knytt til lokaliseringa av Gulatinget, valde ein å vie seminaret til denne problemstillinga. Til seminaret vart våre fremste forskarar knytt til Gulatinget invitert. Seminaret gav fornya interesse frå universitetsmiljø til å jobbe med forskingsprogram og faglege problemstillingar knytt til Gulatinget og tingordningane generelt.


Vi registrerer at det er større merksemd, regionalt og nasjonalt, kring dei eldre regionaltinga si rolle i utforminga av folkestyret, forsvars- og rettstenkinga i Noreg. Framover blir det viktig å formidle dei lange linene i denne delen av Noregshistoria til den oppveksande slekt, lokalt, regionalt og nasjonalt. Det nasjonale tingstadnettverket har dette som fokus.

Synleggjering inn mot turistmarknaden

Gulatinget har blitt ein mykje besøkt attraksjon. Gjennom sommarsesongen har det vore tilbod om guiding for grupper på norsk/engelsk. Ulike arrangement har vore marknadsført via nettside, presseoppslag, Facebook og Instagram. Relevante foredrag har blitt strima direkte på Gulatinget sin facebookside, og lagra for ettertida.

Gulen kommune er medlem i Bergen Reiselivslag (BRL). I tillegg til å bli profilert saman med andre destinasjonar i Sogn og Fjordane gjennom Visit Fjordkysten, vert Gulatinget no profilert inn mot Bergensmarknaden og cruisesegmentet.

Dersom auka turisttrafikk skal bidra til lokal og regional verdiskaping jfr. strategiplanen, og publikum skal få ei lærerik oppleving når dei vitjar Gulatinget, er det viktig at dei vert møtt med fasilitetar som legg til rette for dette. Det er eit viktig grunnlag for framtidig drift og utvikling at verdiskapinga ikkje forsvinn ut av regionen. Skal ein få grep om dette, må ein vere til stades på Tusenårsstaden Gulatinget i sommarhalvåret med eit vertskap. Realiseringa av Gulatinget Nasjonale Kultursenter, samt ein personalressurs knytt til formidling, vil sikre dette.



Under er det sett opp ein oversikt over dei viktigaste aktivitetane i 2019, fordelt på tiltak innafor dei fire definerte innsatsområda.

1. Fagleg utvikling og kunnskapsproduksjon

«Mål: Gulatinget og Gulatingslova sin plass i samfunnsutviklinga er kjend og etablert»

Måla for innsatsområdet skal nåast gjennom samarbeid med relevante fagmiljø, initiering av forskingsarbeid og undersøkingar knytt til nye problemstillingar, arrangement av årlege fagseminar (Gulatingseminaret), deltaking i nasjonale og internasjonale fagnettverk og relevante faglege seminar og konferansar, utvikling av grunnlag for formidling, intern og eksternt kompetansebygging. Det skal etablerast ei referansegruppe av fagpersonar i eit Gulatingsråd som kan ivareta den faglege integriteten til utviklingsarbeidet knytt til Gulatinget, rådgje styringsgruppa og dagleg leiar i utviklingsarbeidet, og bidra til å initiere FOU-verksemnd knytt til Gulatinget gjennom sine faginstusjonar og nettverk.




Tiltak gjennomført i 2019:

- 26. februar** Planleggingsmøte Gulatingseminaret 2019, Bergen.
- 10. mai** Utvikle program Gulatingseminaret 27.-28. september.
- 27. september** Synfaring Gulen kyrkje med Irene Baug, Geir Atle Erslund, Ingvild Øye, Anna Elisa Tryti m.fl. Møte med plan for vidare forskning/utvikling.

2. Formidling

«Mål: God og tydeleg informasjon på nett og ved attraksjonane gir målgruppene meir kunnskap om Gulatinget og om aktivitetar knytt til Gulatingslova, det autentiske Gulatinget og Tusenårsstaden»

Måla for innsatsområdet skal nåast gjennom skilting på og nær Gulatinget sine kulturminner, formidling på tavler og skilt, samt digitale ressursar på Ipad/mobil



(kulturvandring) knytt til landskapspunkt av historisk betydning, tilgjengeleg informasjon gjennom gulatinget.no (nettside), formidling av egne og andre sine foredrag og artiklar med relevante tema (til dømes rettshistorie og rettstryggleik, demokrati og folkestyre, forsvar og forsvarsevne, lovverk og lovendingar). Vidare gjennom guiding, arrangement, oppslag i presse, tv og radio, publisering via norsk/engelsk facebookside for Gulatinget, og Gulatinget sin instragramkonto. Det skal utviklast pedagogiske opplegg for skuleelevar til bruk i skulesituasjon, på staden og digitalt.

Tiltak gjennomført i 2019:

- 14. januar** Møte med Nasjonalbiblioteket vedr. publisering av Gulatingslova på nett.
- 3. april** Planleggingsmøte Landslovutstilling «Miserabiles Personae» i Gulen 2020.
- 3. mai** Gulatingsdagen. Formidling for skuleelever.
- 13 - 14. juni** Arrangere Gulating Vikingmarknad.
- 24. juni** Lansering av Gulatingslova (Codex Rantzovianus) [på nett](#) for første gang i historia.
- 6. august** Siste planleggingsmøte vedr. opningsarrangement Kystkultur No!
- 10. august** Opning Kystkultur No! (tidl. Kystsogevekene) på Tusenårsstaden Gulatingget.
- 27. september** Gulatingseminaret 2019. [Program](#)
- 5. desember** Presentasjon Landslovutstillinga for skoleborn, Eivindvik 1-10 skule.

3. Verdiskaping og lokal næringsutvikling

«Mål: Gulatinget er eit attraktivt reisemål og ein arena for aktivitet og utfolding»

Måla for innsatsområdet skal nåast gjennom iverksetjing av tiltak i to handlingsplanar for innsatsområdet:

1. Forretningsplan for Tusenårsstaden Gulatinget

Knytt til dei marknadsretta aktivitetane på Gulatinget m/handlingsplan. Arbeidet her vert utført innanfor dei ressursane ein har til rådvelde.

2. Utbetningsplan for Tusenårsstaden Gulatinget – m/investeringsplan

Tiltak her er knytt til investeringar i infrastruktur og betre tilrettelegging på Tusenårsstaden. Mindre tiltak vert tatt innafor driftsbudsjettet, med tilskot frå Gulen kommune sitt næringsfond. Større, planlagde tiltak krev ekstern finansiering og investeringsmidlar.

Tiltak gjennomført i 2019:

- 12. april** Planleggingsmøte med fotograf David Zadig. Foto av arrangement i 2019.
 - 22. mars** Deltaking på RA-konferanse om EU-midlar.
 - 27. mai** Møte m/Gulating Hotell. Samarbeid i 2019.
 - 12. juni** Møte med West Sea Shipping og Visit Bergen. Nytt tilbud i Gulen.
 - 20. juni** Møte m/West Sea Shipping, Visit Bergen og Skjerjehamn.
 - 1. august** Møte m/West Sea Shipping.
 - 8. oktober** VisitBergen visningstur m/turoperatører på «Ullruta».
-

4. Nettverksarbeid

«Mål: Gulatinget er ein aktiv part i eit levande tingstadnettverk i Noreg og internasjonalt»

Måla for innsatsområdet skal nåast gjennom deltaking i lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk som Destination Viking, Nasjonalt Tingstadnettverk og lokale og regionale reiselivsnettverk. Gulatinget er vidare medlem i «Snorres vener», har utstrekt samarbeid med Frendar Vikinglag og andre relevante vikingdestinasjonar (t.d. Gudvangen), og har tatt initiativ til etablering av eit reiselivsnettverk i Gulen.



Tiltak gjennomført i 2019:

- 27. februar til 3. mars** Deltaking på Destination Viking Association (DVA) sin konferanse i York.
- 16. februar** Deltaking på Årsmøte i Frender Vikinglag.
- 27. mars** Nettverksmøte Region Bergen (VisitBergen).
- 26. og 27. april** Deltaking på Frostaseminaret, Trondheim.
- 7. og 8. mai** Destination Viking AGM (Årsmøte), København.
- 30. mai til 1.juni** Besøk i Gudvangen Vikinglandsby.
- 22. juni** Stand på Kvernsteinsmarknaden 2019.
- 4. juli** Deltaking på Kulturkonferanse og opning av Førdefestivalen.
- 5. oktober** Medlemsmøte Frender Vikinglag, Kvernsteinsparken i Hyllestad.
- 30. november og 1. desember** Deltaking Gudvangen Vikinglandsby, Julemarknad.
- 3. desember** Møte m/United World College RCN v/Utviklingsdirektør Arne Osland.



Destination Viking AGM, Københavns Museum

Administrasjon

8. januar	Møte med Prosjektleiar for Gulen Nasjonale Kultursenter og Gulen kommune. Godkjenning av teikningsgrunnlag.
11. januar	Møte i Styringsgruppa for Gulatinget. Protokoll.
22. januar	Møte vedr. opning av Kystkultur No på Gulatinget (tidlegare Kystsogevekene).
29. januar	Utforming av kulturfagleg grunngeving for Gulen Nasjonale Kultursenter.
31. januar	Kalkylemøte med CUBUS og bygg- og eigedomstenesta, SFJ.
13. februar	Møte m/Jørn Øyrehagen Sunde.
13. februar	Møte med Torkil Sandsund angående nytt Gulatingspel. Søknad til Kulturrådet.
18. februar	Møte med Musea i SFJ (MISF) angående tilskot frå regjeringa.
18. februar	Møte i Styringsgruppa for Gulatinget.
22. februar	Utarbeiding av budsjett og økonomiplan 2020-2025 for GNK.
27. februar	Utarbeiding av årsmelding 2018.
28. februar	Utarbeiding av søknad driftsstøtte Kulturdepartementet.
8. mars	Utarbeiding av uttale Fylkesvåpen Vestland fylkeskommune.
10. mars	Utarbeiding av søknad til styret for Håkonarspelet.
16. mars	Utlysing av stilling som formidlar på Gulatinget.
20. mars	Presentasjon i møte om Håkonarspelet m/Wergeland Holding m.fl.
21. mars	Presentasjon av Gulatinget Nasjonale Kultursenter for kommunestyret, Gulen.
22. mars	Deltaking i Riksantikvaren sitt infomøte i Bergen.
28. mars	Møte m/pers.sjef vedr. stillingsutlysing formidlar. Utforming av utlysingstekst.
1. april	Utarbeiding av søknad om driftsstøtte Vestland fylkeskommune.
12. april	Møte m/Gunhild Berge Stang (angående møte m/kulturministeren).
25. april	Møte i styringsgruppa for Gulatinget. Protokoll.
30. april	Intervju m/søker formidlingsstilling. Referansesjekk.
2. mai	Intervju m/søker formidlingsstilling. Referansesjekk.
20. mai	Presentasjon av Gulatinget Nasjonale Kultursenter for Stortingsbenken for SFJ.
24. mai	Intervju m/søker formidlingsstilling. Referansesjekk.
28. mai	Deltaking på seminar om risikovurdering, Gulen kommune.
29. mai	Pilegrimssamling Førde. Gulatinget nøkkelstad for Kystpilegrimsleia.
5. juni	Planleggingsmøte m/styret for Landslovutstillinga «Miserabiles Personae».
13. juni	Replika av Codex Rantzovianus (CM Editores, Salamanca, Spania).
18. juni	Planleggingsmøte opning av Kystkultur No!
25. juni	Møte m/KrF si stortingsgruppe på Gulatinget, synfaring og presentasjon.
13. august	Intervju m/søkar formidlingsstilling. Referansesjekk.
21. august	Møte m/styret for Kystpilegrimsleia. Synfaring i Gulen.
2. september	Møte og synfaring m/styret for Landslovutstillinga.
14. og 15. oktober	Kurs i KF kvalitetssystem.
25. oktober	Intervju m/søkar formidlingsstilling. Referansesjekk. Utforming av innstilling.
8. november	Deltaking i samling om fylgjene av regionreforma i kultursektoren, Bergen.
19. november	Tilsetting formidlar Gulatinget.

Avslutning

Vi har lagt bak oss eit spanande og aktivt år med stor merksemd omkring Gulatinget, med populære arrangement og aktivitetar. På tampen av året vart det tilsett ein eigen personalressurs på formidling, noko som vil styrke denne delen av verksemda.

Framover vil fokuset i arbeidet bli å sikre finansiering til besøkssenteret på Gulatinget, auke formidlingsaktivitetane og utvikle det faglege samarbeidet med universitetsmiljøa i form av ulike forskings- og formidlingsprosjekt. Det vil og bli viktig å gjennomføre dei tiltaka som er nødvendige for å gjere det lettare for arrangørar å nytte Tusenårsstaden Gulatinget til større arrangement og festivalar.

Gulatinget er historia om framveksten av det norske folkestyret og utviklinga av Noreg som rettsamfunn. Gulatinget er og ei historie om korleis det første norske organiserte sjøbaserte forsvarte tok til. Gulatinget handlar om folkeleg medverknad, sjølvråderett, rettstryggleik og ytringsfridom. Å skape merksemd omkring desse grunnleggande verdiane, har vore vårt samfunnsoppdrag.

Gulatinget som kulturminne og kulturarv har i over 20 år vore forvalta og formidla av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune. Frå 2020 vert ansvaret for dette arbeidet overført til Vestland fylkeskommune, som i samarbeid med Gulen kommune skal føre arbeidet vidare.

Med venleg helsing

*Styringsgruppa for
Tusenårsstaden Gulatinget
Eivindvik 15. januar 2020*



 Gulatinget